



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



VIK NATURRESERVAT – UTVIDING RINGSTADFJELLET – UTVIDA TILBOD AURE KOMMUNE

Høyringsfrist 27.01.2025

2024/3955, 2021/1524

Framsida: Vikahøgda mot Vikafjellet (foto: Per Eide)

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbudet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilboda

Vik naturreservat vart verna 08.03.2024. etter tilbod om friviljug skogvern på gnr 23 bnr 1, 2 og 3 i Aure kommune. Eit tilbod om utviding av dette vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 10.06.2024. Utviding omfattar gnr 22 bnr 1 og gnr 23 bnr 1.

Eit framlegg om vern av Ringstadfjellet har tidlegare vore på høyring. Denne høyringa gjeld ei mindre utviding på gnr 21 bnr 14, framsett i brev frå ALLSKOG SA den 21.05.2024.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på kartleggingar i området gjort av Geir Gaarder, Ingvar Stenberg og Finn Gunnar Oldervik.

ALLSKOG takserer skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigarane akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for områda i brev av 05.07. 2024.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»

Naturfaglege registreringar

Områda ligg i boreonemoral og sørboreal sone.

Vik naturreservat

Tilbodet omfattar naturbaselokalitetane Vikahøgda nord BN00061147 med kystfurusskog av verdi A (Svært viktig) som er vurdert slik: «Dette er ein stor lokalitet og det er funne fleire kravfulle og raudlista artar knytt til gammal furuskog her. Spesielt sjeldsynt er innslaget av ein del ganske virkesrik furuskog på god bonitet, som samtidig er gammal og lokalt har ein del dautd trevirke. Dette er svært sjeldsynt å finne no til dags. Samla sett har lokaliteten ein klar verdi som svært viktig – A, og saman med nærliggande gammal skog på Vik er dette ein av dei aller mest verdifulle gamle kystfurusskogane i landsdelen for ikkje å seia i landet. Dei supplerande undersøkingane i 2013 er med på å støtte denne verdivurderinga.

Lokaliteten Vik ligg på høgda mellom Ervik og Vik. Den går opp mot snaufjellet i nordaust og dels aust. I sørvest dannar ein skogsveg grense i den austlege delen og bygdevegen resten. I nordvest blir det raskt meir hogstpåverka skog når ein kjem over eigedomsgrensa, men noko av naboeigedomen i nord er inkludert i den avgrensa lokaliteten. Mot nord heilt i sørvest er det noko nyare hogst og litt granplanting. Heile lokaliteten er ikkje like godt kartlagd, og det er deler av den avgrensa lokaliteten som kan ha noko mindre verdfull skog enn kjerneområda. Det kan og finnast skog utanfor det avgrensa området som med god grunn kunne ha vore inkludert i lokaliteten. Av omsyn til arronderinga er det rett sørvest for sjølve Vikahøgda teke med eit mindre område med gammal flatehogst. Topografisk er terrenget noko småkupert, men i sørvest er det ei svært bratt li frå bygdevegen og opp til ca 50 moh. Vidare oppover i terrenget vekslar det for ein del mellom bratte skrentar og flatare parti. Eit par bekkedrag går saman i sentrale delar av lokaliteten og vidare ned mot Ervik dannar denne bekken i parti ei trong lita bekkekløft. Det er elles innslag av litt myr og

nokre småputtar. Bergveggar finst også, om enn ikkje så mange og da mest eksponerte i øvre delar. Det same gjeld for ein del rasmark, men også i lia ned mot bygdevegen er det litt av dette. Nokså einsarta og dels relativt slutta, kompakt furuskog pregar mykje av lokaliteten. Det er da mest snakk om blåbær- og småbregneskog og i øvre delar også noko røsslyngskog, men i sørvendte lisider også ein god del lågurtfuruskog. I tillegg noko lauvskog, dels som innslag i furuskogen med treslag som bjørk, rogn, selje og hassel, samt i lågurtprega parti i nedre delar også ganske mykje osp saman med hassel. Nokre mindre areal kan truleg definerast som rik edellaufskog, rikt hasselkratt (F0103) av desse områda. Det er innslag både av gamle ospeholt og av gamle bjørkesuksesjonar. I tillegg veks det litt gråor langs bekkedrag og i fuktsig. I bekkekløfta er det tendensar til høgstaudekog med varmekjære element. Myrpartia er av fattig til intermediaær karakter.

Artsmangfald: Furu er dominerande treslag. I tillegg ein del bjørk og litt selje, rogn og gråor. Stadvis er det ganske mykje hassel og osp. Myske, sanikel og lundgrønaks finst fleire stader i lågurtprega furuskog, og i bekkekløfta veks også litt vårerteknapp. Av lav er det stadvis mykje gubbeskjegg (NT) på gamle furutre og det er påvist skorpefiltlav (NT) på osp. Lungenever-samfunnet er ikkje særleg godt utvikla, men i den sørvestlege delen av lokaliteten, lengst ned mot veggen er det stadvis store mengder kystnever på gamle seljer, hassel og rogn. I tillegg er det observert mange artar av glyer og hinnelav, særleg på hassel. Eit litt særskilt funn var blyhinnelav ved foten av ei osp. I det same området var det stadvis også ein del lungenever på bjørk, noko som er ganske uvanleg. Fleire av dei vanlege artane finst utbreidd på lauvtre, som lungenever, skrubbenever, grynfiltrav, kystfiltrav, stiftfiltrav og vanleg blåfiltrav, samt så vidt sølvnever. Det er potensial for kravfulle, gammelskogstilknytta skorpelav her, og på furugadd i sør vart rotnål (NT) funne. På læger er det potensial for råtevedmosar, men hittil er berre ganske vanlege artar som larvemose og sagtvibladmose funne, samt eit funn av pusledraugmose. Det er også godt potensial for kravfulle og dels raudlista vedbuande sopp, særleg på gamle læger av furu. Registrerte artar omfattar så langt m.a. flekkkvitjuka (NT), skigardsskinn (NT), taigapiggskinn (NT), dråpekjuka (VU), laterittkjuke (VU), moglege vannvoksskinn *Phlebia cf firma* (NT), grantrådskeinn *Phlebiella subflavidogrisea* (NT), tyrikjuke (NT), truleg taigakjuke (VU), furuplett (NT) og stor hengepigg (NT). Dei fleste av desse artane er funne meir enn ein gong innan lokaliteten. Ein svært uvanleg observasjon var havørnreir i ei gammal osp (men reir i furu av arten finst også her). Til saman er det så langt registrert 13 raudlisteartar innan lokaliteten, men grundigare undersøkingar vil truleg resultera i atskilleg fleire, ikkje minst av råtevedsoppar. Under feltarbeidet hausten 2013 vart fleire kravfulle og dels raudlista artar funne. Særleg interessant var god førekomst av narreglye (EN) på fleire ospetre i lia i vest, og dette er ein av dei viktigaste lokalitetane for arten i Norge (sjå også Gaarder m.fl. 2014). I tillegg vart artar som hasselrurlav (NT) og sølvpærelav funne på hasselstammar i same område. På morken ospelåg vart vedalgekølle (NT) påvist, stor ospeildkjuke vart funne på gammal osp og ved basis av ei furu vaks blomkålsopp. Det vart samla inn ein del barksopp frå furulæger som enno ikkje er artsbestemt, samt også atfunne nokre av dei tidlegare registrerte raudlisteartane.

I sør ligg ein lokalitet Ervik nord BN00061141 med rik edellaufskog av verdi A (Svært viktig) som blir vurdert til «Det er ein relativ liten, men artsrik lokalitet. Det er registrert fleire raudlisteartar og andre kravfulle artar på lokaliteten, og med godt potensial for ytterlegare av slike. Dessutan heiter det i DN-handbok 13 at alle utformingar av rike hasselkratt med kontinuitet i tre/busksjikt skal verdisetjast som: Svært viktig, noko som da vert verdien på denne lokaliteten.

Lokaliteten har mykje rike hasselkratt av lågurttype, men også innslag av litt alm, samt lågurtprega furuskog.

Nokre parti er heilt dominert av hasselkratt, men det er også ein del furu, bjørk, samt selje og osp og nokre almetre (EN). I feltsjiktet er det nokre stader store mengder lundgrønaks. I tillegg artar som

myske, breiflangre og svarterteknapp. Lungenever-samfunnet er middels til ganske godt utvikla, med m.a. ein del sølvnever på gamle seljer, og elles vanlege artar som lungenever, vanleg blåfiltlav og kystnever. I tillegg vart olivenfiltlav (VU) funne både på berg og einer, samt rund porelav på berg. På ein noko morken furulåg vaks litt vedkorallsopp *Lentaria byssiseda* (NT) ein ganske sjeldsynt art som tidlegare ikkje har vore påvist i kommunen. Også laterittkjuke (VU) vart funne på furulæger i området. Det er elles opplagt stort potensial for kravfulle og raudlista marklevande sopp her, i nokon grad knytt til furu, men særleg artar som dannar sopprot med hassel.»

I aust ligg ein lokalitet Ervik aust BN00061141 som vert vurdert til: «Lokaliteten er ikkje så verst stor, og den er variert med ein del verdifulle element som grove og gamle levande tre og daudt trevirke. I tillegg heile 10, til dels kravfulle og raudlista arter, nokre ganske sjeldne. Verdien vert ut frå dette vurdert som klart å vera: Svært viktig – A.

Lokaliteten ligg aust-nordaust for Ervik, i ei sørvendt li. Det er ganske klar grense mot fattigare og meir hogstpåverka skog i aust, samt tilsvarande i nedkant av lokalitet. Litt meir usikker grense mot fattigare skog og dels fjell i overkant mot nord. Dels meir påverka skog og dels overgang mot anna naturtype i vest/nordvest. Topografisk er det snakk om ei ganske bratt lise med ein del bergveggar (oftast med glissen tresetting) i øvre del og rasmak under, dels open og dels skogledd. Det kjem ned eit par bekkedrag i lia, men dei går dels under grov ur gjennom lokaliteten.

Bergartane innan lokaliteten er frå jorda si urtid og oldtid (prekambrium – paleozoikum) og tilhøyer det såkalla Ertvågsøykomplekset. Truleg er det primært gneisbergartar her, som mest gjev grunnlag for ein nøysam flora, sjølv om artsfunn også peiker i retning av noko betre berggrunn lokalt. Klima: Lokaliteten ligg nok dels i mellomboreal og dels i sørboreal vegetasjonssone. Den ligg vidare i klart oseanisk vegetasjonsseksjon, O2.

Viktigaste treslag er nok bjørk, men det er også ein del furu og osp, samt noko rogn, hassel og selje, samt også litt gråor og hegg. Alm (EN) finst fleire stader, men dannar ikkje eigne bestand. Korsved vart funne ein plass. I feltsjiktet finst diverse høgstaude og det er verdt å merkje seg at revebjølle og tyrihjelmer her veks side om side, samt elles artar som skogsvinerot og hundekveke. Det er noko av varmekjære artar som lundgrønaks, myske og sanikel, samt også sparsamt med skogfaks i nedre delar. I tillegg vart det gjort eit funn av vaniljerot, ein regionalt sjeldsynt art med berre eit funn tidlegare i kommunen. Lungenever-samfunnet er ganske vanlig og brukbart artsrikt. Dette inneber m.a. noko sølvnever, samt eit par funn av olivenfiltlav (VU) på berg og eit av rund porelav, og elles ein del lungenever, skrubbenever, kystvrenge, kystårenever, kystfiltlav, vanleg blåfiltlav, grynfiltilav og puteglye. Det er elles litt strylav på trea, mest hengestry, men også noko gubbeskjegg (NT). Av skorpelav så vart det gjort eit funn av *Gyalecta flotowii* bleik kraterlav (VU) på ei ganske grov og gammal alm, samt vinflekklav på hassel. Av mosar kan nemnast putevrime på berg. Området har eit klart potensial for kravfulle og vedboande sopp, både på daud furu og lauvtre. På gammal alm vart narrepiggssopp (NT) funne og på almelåg almekullsopp (NT). Det vart elles gjort fleire funn av laterittkjuke (VU) på furulæger, samt einskilde funn av hengekjuke *Oligoporus cerifluus* (EN), furuplett (NT) og laksekjuke (NT) på furulæger. Dette er uvanleg mange raudlisteartar etter berre ei inventering, noko som vitnar om at lokaliteten har uvanlege kvalitetar.

Kunnskapsgrunnlaget viser at utvidingstilbudsområdet har kvalitetar for vern som naturreservat. Her er både boreonemoral regnskog (VU) og rik edellauvskog, samt gammal boreal lauvskog med truga og andre raudlista artar. Mangelanalysar av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slike skogar er underrepresentert i verneområda. Her er såleis både sjeldne og trua naturtypar, samt svært mange raudlisteartar, tre EN, fire VU og 17 NT.

Vik inngår i ei rekke med verneområde frå Stabblandet inn til Vinjeøra. Desse reservata kan fungere som eit økologisk nettverk for artar som kan spreie seg over denne distansen.

Ringstadjellet

Ringstadjellet eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til boreal lauvskog og rik edellauvskog.

Todal, J., Oldervik, F. og Gaarder, G. har undersøkt området i samband med utgreiing av ny kraftline til Tjeldbergodden. Dei har vurdert denne slikk (Naturbase, 2024):

«Lokaliteten omfattar ei bratt sørvendt li i ytre del av Vinjefjorden. Ein reknar heile nordsida av Vinjefjorden å høyra til den boreonemorale sona. Den nedste delen av lokaliteten består for det meste av ein stupbratt berghammar (Skarvberget), som går rett ned i sjøen. Her er det lite vegetasjon. Tidlegare vart området brukt som beite for geitekillingar. Oftast vart dei bringa inn i lia om våren og henta igjen om hausten. Dette vart halde ved lag til ca. 1960. J. Todal fortel også at nøttesanking var og vanleg i denne lia tidlegare.

Hassel er det dominerande treslaget, men det veks og ein god del alm på lokaliteten. Så vidt ein veit, så er ikkje denne delen av lia undersøkt av fagfolk innan botanikk. Ein har difor lite av eksakte opplysningar om vegetasjonen elles.

Her er alm og hassel. I tillegg er det registrert hubro og kvitryggspett. Hubro er rekna som sterkt truga (EN).»

Statsforvaltaren har vore på synfaring i delar av området 09.07.2024. Hassel er det dominerande treslaget i utvidingsområdet, men det veks og ein god del alm på lokaliteten. Alm er rekna som sterkt truga (EN) på raudlista for artar. Området er vanskeleg tilgjengeleg med få inngrep ut over fjordspennet i tidlegare tilrådde område.

Vern av Ringstadjellet fangar godt opp manglar i skogvernet for Møre og Romsdal.

Brukarinteresser

Slike lågareliggande skogar har tradisjonelt vorte utnytta til ved- og tømmerhogst og beite.

Areala har liten skogbruksmessig verdi sidan det er mest lauvskog i bratt terreng, furuskogen er kartlagt som svært viktig naturtype. Vi viser til skogvurderinga i vedlegg 3 og 5.

Vikasetra ligg oppom tilbodet på Vik, og her har tilbydar på gnr 23 bnr 1 halde utanfor setervegen med ei lita sone på kvar side. Tilsvarande har tilbydar på gnr 22 bnr 1 halde utanfor ein gammal fjøs, Sommarfjøsghaugen. Karta er tilpassa dette.

Vi er ikkje kjent med kulturminne i området.

Områda er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Utvidinga vil inkludere 22 kV kraftlina som går langs grensa til eksisterande Vik naturreservat. Det er behov for tilsyn og vedlikehald av denne, og forskrifta vert tilpassa dette.

Saksbehandling

Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for utviding av Vik naturreservat og utviding av tilbudet for Ringstadfjellet til fleire aktuelle interessepartar i brev av 05.07.2024. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 15.08.2024.

Vik

Det har kome 6 innspel til oppstartsmeldinga. Statnett har ingen merknader til Vik. Statens Kartverk og Språkrådet har ingen merknader til vidare bruk av namnet Vik, men det går an å bruke namnet «Vik og Ervik». Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at vernegrensa vert trekt tilbake til byggegrensa som er 20 meter frå senter veg. Dei peikar på at det må kunne ryddast skog 10 – 15 meter frå vegbanen utan søknad.

Norges vassdrags- og energidirektorat ønskjer at det vert brukt standardbestemmingar for kraftliner i verneforskrifta. Dei ber om at Mellom AS vert høyrte i saka.

Mellom AS ønskjer unntak for rydding i kraftlinetraséen og sikringshogst av tre som kunne falle inn mot lina.

Statsforvaltaren høyrer bruk av standardforskrifter for energianlegg. Eit unntak for siktrydding vil fange opp dei interessene som er framheva av fylkeskommunen, og det burde ikkje vere naudsynt å trekke vernegrensa heilt tilbake til byggegrensa for ein så marginal veg.

Ringstadfjellet

Det har kome 5 innspel. Statnett, NVE og Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen merknader. Språkrådet undrast på om ein skal bruke namnet Skarvberget eller Ringstadfjellet, medan Statens Kartverk også kan godta bruk av begge namna.

Statsforvaltaren tilrår bruk av namnet Ringstadfjellet naturreservat på heile området på Aure-sida.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegga på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservata går fram av vedlagt vernekart.

Tidspunkt for eit evt. vernevedtak vil vere heilt avhengig av løyvingane i statsbudsjettet.

Vedlegg 1.

Forskrift om endring av forskrift om vern av Vik naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og [§ 77]. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 2004-03-08 nr. 392 om vern av Vik naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal, gjer ein følgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 22/1, 23/1, 23/2, 23/3.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 2.056 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert *Klima- og miljødepartementet [månad årstal]*. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 4 punkt j) vert endra til:

- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet*

§ 4 nye punkt k) og l) skal lyde:

- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane oppgjeve i verneføremålet nemneverdig.*
- l. siktrydding langs veg*

§ 7 nye punkt k) og l) skal lyde:

- k. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4],*
- l. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning.*

II

Forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2.

Forskrift om vern av Ringstadfjellet naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjonmed heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til rik edellausskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 21/1, 2, 3, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 16, 21 og 23. Naturreservatet dekker eit totalareal på 2681 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Aure kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålbrenning er forbode

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande telesendar

- e. beiting
- f. utsetting av saltsteinar
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. montering og bruk av landfeste for båt

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane nemneverdig
- i. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- j. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g og h

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldlova § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 3.

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Aure
Område	Vik naturreservat - utviding
Gnr/Bnr	Gnr. 22 bnr. 1 og gnr. 23 bnr. 1

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	1 079			
Foreslått skogvern totalt skogareal	1 213			
Foreslått skogvern totalt areal	1 450	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	5 115		53 855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	10 458		105 320	
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		13 083		271 481
Stående volum og produktivt skogareal	205 159		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	322 489		4 460 244	

Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes

Det foreslåtte arealet har mye furu, opp mot 10 000 m³, men størstedelen av dette ligger under naturtypekategori med høyeste gradering for gammel furuskog «svært viktig». MiS registreringer er gjennomført 4 år etter Naturtypekartlegging, så iflg. skogbruket skal MiS forvaltes. Lite gran, og hele området er preget av terrengutfordringer.

Et gammelt traktorvegnett kan skimtes på kart, men dette krever nok mye vedlikehold skal det kunne brukes.

Ser en bort fra Naturtypevurderingene er det nok deler av feltet som kunne ha vært drevet maskinelt, men det er lite om noe spor av hogst innenfor grense for verneforslag, og det er heller ikke tilrettelagt for moderne hogst. Arealet har derfor ikke levert virke til tømmeromsetningen, og det ligger andre begrensinger med artsregistreringer og topografi som også vanskeliggjør dette uavhengig av vern.

Kilde til data: Kilden - Skogportalen

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)						
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal	
389	432	258	1 079	1 213	1 450	
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Topografien rundt feltet er begrensninger større enn et eventuelt vern, så omkringliggende areal påvirkes i svært liten grad. Traktorveg i sør, kan vedlikeholdes og vil kunne gi tilkomst til areal østenfor foreslått vern. Noe skog rundt Ervika er holdt utenfor vernet, som de enklest drevne områdene, på sørside av høgspent og gammel traktorveg.</p> <p>Kilde til data: Kilden - Skogportalen</p>						
Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert			15	210	15	210
Furudominert	44	104	864	9 631	908	9 735
Lauvdominert	16	293	140	2 052	156	2 345
SUM	60	397	1 019	11 893	1 079	12 290
Herav nøkkelbiotoper			107	1 220	107	1 220
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Kubikkmasse er totalvolum inkl. alle treslag uavhengig dominant treslag.</p> <p>Store volum furu blir vernet, men har allerede begrensning gjennom Naturtypekartlegging, gammel furuskog» gammel «klasse A» omkringliggende areal har mer glisne volum, og med topografiske utfordringer er det lite aktuelt med skogsdrift i områdene rundt Naturtypen.</p> <p>Om lag 100 daa kan nås fra eksisterende traktorveg innenfor verneforslaget, men investeringene som trengs for å nå dette vil mest sannsynlig ikke gi positiv økonomi</p> <p>Kilde til data: Skogbruksplan</p>						
Driftsforhold			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående	50	500	
			Taubane, lekter m.m	50	500	
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m			
			1500-2500 m			
			>2500 m			
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Kilde til data:</p>						

Infrastruktur	Kubikkmasse
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei	
Bortfall av kubikkmasse til togterminal	
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai	
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes.</p> <p>Om en ser bort fra Naturtypekartleggingen og forvalter MiS, kan deler av arealet drives. Men det krever store investeringer, og pga. topografi og ujamnhet er det krevende område, samt minst 1 km utkjøring etter en veg det må investeres i om moderne utstyr skal brukes. Manuelt arbeid må også påregnes ved hogst i slike områder.</p> <p>Ved en rask vurdering er det om lag 100 daa det er atkomst til fra eksisterende traktorveg, noe som kun vil dreie seg om 1.000 m3.</p> <p>Nødvendig investeringer for å komme til å drive dette volumet er det tvilsomt om vil kaste av seg.</p> <p>Kilde til data:</p>	

Oppsummering		
<p>Verbal beskrivelse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur 		
Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:	Areal	Kubikkmasse
A Har betydning		
B Kan få betydning		
C Har mindre betydning	1079	12000
<p>Verbal beskrivelse:</p> <p>Stort sammenhengende skogområde, med om lag 1.000 da produktiv skog og 10.000 m3 furu, samt noe lauv.</p> <p>Store topografiske utfordringer for moderne drift, og selv med store investeringer er det lite areal som kan nås, med et begrenset volum.</p> <p>Ikke spor av drift i området de seinere tiår, og igjengrodd traktorveg, gjør at dette området nok er godt egnet for vern, og kan alternativt i beste fall drives som småskala skogsdrift uten de altfor store krav til investeringer og økonomi.</p>		

Vedlegg 4.

Skjema for avveining av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Vik naturreservat – utvidelse

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på området	Vik naturreservat				
Totalt areal	1450 daa	Produktivt skogareal	1079 daa	Totalt skogareal	1213 daa
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Aure				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
• Sjå utgreiing, naturbase.no			
Verneverdi	Svært høg	Nær truede og truede naturtyper	Kystfuruskog av typen boreonemoral/boreal regnskog
Mangelinndekning	Høg	Restaureringspotensial for truet natur.	Kort sikt (0-20 år). Fjerning av introdusert gran
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglene dekkes annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	Nei
Nær truede og truede arter	17 - NT, 4 - VU, 3 - EN		
Konklusjon		Har betydning	
Verbal beskrivelse:			
<ul style="list-style-type: none">Området fangar opp en truet naturtype med et stort tilfang av rødliste- og truede arterOmrådet vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep. Man mister hjemmelen til å fjerne spredte fremmede arter og introduserte arter som gran.			

Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 3 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none"> • Skogvern - betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur 		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning		
Gruppe S7 Har mindre betydning	1.079	12.000
Verbal beskrivelse: Stort sammenhengende skogområde, med om lag 1.000 da produktiv skog og 10.000 m3 furu, samt noe lauv. Store topografiske utfordringer for moderne drift, og selv med store investeringer er det lite areal som kan nås, med et begrenset volum. Ikke spor av drift i området de seinere tiår, og igjengrodd traktorveg, gjør at dette området nok er godt egnet for vern, og kan alternativt i beste fall drives som småskala skogsdrift uten altfor store krav til investeringer og økonomi.		

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømmer tilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmer tilgangen						

Området plasseres i matrisen. Plassering markeres med blå farge.

Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
Området har fleire truga naturtypar og eit stort utval av raudlisteartar. Det er skogtypar som er underrepresenterte i verneområda i fylket. Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Skogsdrift ville vere vanskeleg og dyrt.	

Vedlegg 5.

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Aure
Område	Ringstadjellet utv.
Gnr/Bnr	21/14

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	141	1 410		
Foreslått skogvern totalt skogareal	275	2 000		
Foreslått skogvern totalt areal	281	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	5 115		53 855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	10 458		105 320	
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		13 083		271 481
Stående volum og produktivt skogareal	205 159		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	322 489		4 460 244	
<p>Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes</p> <p>Sør- og vestvendt li fra grense/ås til sjø, uten vegnett, og så å si uten plantet gran. Liten eller ingen konsekvens for skogbruket i kommunen, eller reelle økonomiske verdier å hente med moderne utstyr.</p> <p>Kilde til data: Kilden/skograpport</p>				

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
93	39	9	141	275	281
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Edellauv og furu, ikke drivbare arealer.</p> <p>Kilde til data:</p>					

Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert			20	200	20	200
Lauvdominert			121	1 210	121	1 210
SUM						
Herav nøkkelbiotoper						
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Noe furu, glissent til, rest er lauv</p> <p>Kilde til data:</p>						
Driftsforhold			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående			
			Taubane, lekter m.m			
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m			
			1500-2500 m			
			>2500 m			
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Ikke drivbart, da området er uten veg, og det må bygges over en ås med motkjøring før en kommer til ei li som stuper i sjøen.</p> <p>Kilde til data:</p>						
Infrastruktur					Kubikkmasse	
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei						
Bortfall av kubikkmasse til togterminal						
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai						
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes</p> <p>Ikke aktuelt</p> <p>Kilde til data:</p>						

Oppsummering

Verbal beskrivelse:

- Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt
- Skogproduksjon
- Driftsforhold
- Infrastruktur

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:

Areal

Kubikkmasse

A Har betydning

B Kan få betydning

C Har mindre betydning

Verbal beskrivelse:

- Oppsummering og vurdering i forhold til konsekvenser for avirkningen, konsekvenser for skog- og trenæringen lokalt og regionalt.

Dette arealet er ikke drevet med moderne metoder, og heller ikke lagt til rette for fremtidig skogsdrift. Uten betydning for skogbruket og virkestilgangen i kommune/fylke

Vedlegg 6.

Skjema for avveining av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Ringstadfjellet – utvidelse forslag

Tabell 6 Nøkkeldata for området

Navn på området	Vik naturreservat				
Totalt areal	290 daa	Produktivt skogareal	141 daa	Totalt skogareal	275 daa
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Aure				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 7 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
• Sjå utgreiing, naturbase.no			
Verneverdi	Svært høg		Rik edellauvskog av typen lågurt-hasselkratt
Mangelinndekning	Høg	Restaureringspotensial for truet natur.	Neppe behov for restaurering
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglene dekkes annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	Nei
Nær truete og truete arter	2 - EN		
Konklusjon		Har betydning	
Verbal beskrivelse:			
<ul style="list-style-type: none">Området har to truete arterOmrådet vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep.			

Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 8 Oppsummering – verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none"> • Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur 		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning		
Gruppe S7 Har mindre betydning	275	1410
Verbal beskrivelse:		
<p>Dette arealet er ikke drevet med moderne metoder, og heller ikke lagt til rette for fremtidig skogsdrift. Uten betydning for skogbruket og virkestilgangen i kommune/fylke.</p>		

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 9 Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmertilgangen						

Området plasseres i matrisen. Plassering markeres med blå farge.

Avveining

Tabell 10 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
Området har minst to truga artar (EN). Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Skogsdrift ville vere vanskeleg og dyrt.	